


Suldal kommune kommuneplan 2022-2034

Utfyllande utgreiingar og merknader

Arealinnspel

- RU1 og ST1 Kordalsnuten - råstoffutvinning
- KBA1/HOS2 Berakvam/Straumborgsundet - næringsområde og hamneområde
- alternativ farlei (raud stipla linje)



Innleiing




I tillegg til motsegnene som er løyst gjennom dialog har Statsforvaltar motsegn mot tre arealinnspele. Da alle tre innspela har fått motsegn på manglande kartlegging/utgreiingar har Suldal kommune innhenta supplerande opplysningar.

Det er ikkje utarbeida ny fullstendig KU. Dette notatet prøver å svare ut Statsforvaltar sine merknader i uttalen til kommuneplanen.

Dei supplerande opplysningane som er innhenta er dokumentert gjennom vedlegg. Dei opphavlege utgreiingane er fortsett ein del av vurderingane. For å få oversikt er det derfor lagt ved ei lenke til alle dokumenta som danna grunnlaget for KU som var sendt på høyring.

1. RU1 råstoffutvinning og ST1 tilkomstveg Kordalsnuten

I fyrste gongs handsaming av kommuneplanens arealdel for 2022-2034 har Suldal kommune lagt inn område for råstoffutvinning i Kordalsnuten. Suldal kommune reduserte innspelet frå Norsk Stein mot Slåttevassdraget og Vendalstjønna før det vart lagt ut på høyring.



Arealet som er sett av til råstoffutvinning er i NGU sin pukkdatabase sett av som eit areal av nasjonal betydning.

Arealinnspelet har fått motsegn frå Statsforvaltar og Fylkeskommunen, med litt ulik grunngjeving.

Statsforvaltar si motsegn:

Kunnskapsgrunnlaget står etter vår vurdering ikkje i forhold til saka. Jamfør plan- og bygningslova § 5-4 fremmer Statsforvaltaren derfor motsegn til RU1 og ST1. Statsforvaltaren

fremmer også motsegn til mangelfull utgreiing av støy til same arealinnspel.

Rogaland Fylkeskommune si motsegn: Rogaland fylkeskommune fremmer innsigelse til størrelsen på området for råstoffutvinning RU1. RU1 og KBA1 må sees i sammenheng. Innsigelsen kan frafallers dersom kommunen legger inn trinnvis utbygging av området og at området i nord på nåværende steinbrudd blir tilrettelagt for ny industri».

Oversikt over bakgrunnsdokumentasjon frå KU som ikkje er oppdatert kan lesast her, alle vedlegg merka innspel 16:

<https://innsyn.onacos.no/suldal/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=1717�>

- Nytt uttaksområde for Norsk Stein – Innspel til revisjon av kommuneplan, Asplan Viak
- NGU rapport 2019.029, NGU
- Konsekvensvurdering av kulturarv, Asplan Viak
- Konsekvensutredning friluftsliv, Asplan Viak


- Klimagassutslipp ved utvidelse av steinbrudd, Asplan Viak
- Støyberekningar, Brekke og Strand

Utfyllande utgreiingar:

- Kartlegging naturmangfald, d.s. 01.02.23, Asplan Viak (oppdatert på naturtypar m.m)
- Artskartlegging Norsk Stein, Jelsa, d.s 15.02.23.
- Vurdering av støv, støy og naturmangfald på eksisterande drift på Norsk Stein, d.s. 20.10.22, Norconsult
- Konsekvensvurdering vannmiljø og vannlevende organismer, d.s. 31.01.23, Asplan Viak
- Støyberegninger Norsk Stein, Jelsa – nytt uttaksområde, d.s. 20.01.23, Brekke og Strand
- Trinnvis uttak i steinbruddet, d.s. 31.01.23 Norsk Stein
- Berekning av klimagassutslipp frå endret arealbruk, NIBIO

Suldal kommune har under gitt kommentarar til Statsforvaltar sine merknader til kommuneplanen og vist til dei aktuelle supplerande dokumenta:

Naturtypar:



Statsforvaltaren kjenner seg etter synfaring igjen i naturtyperegistreringane og verdivurderinga av naturtype etter HB-13. Statsforvaltar er derimot ikkje samd i vurdering av konsekvensgrad etter handbok V712. Suldal kommune har forelagt Asplan Viak Statsforvaltar sine vurderingar og bedt om eit tilsvar.

AsplanViak har utarbeida ein ny og noko meir

omfattande rapport. Denne ligg vedlagt. (alle tall vidare i avsnittet referer til kart på denne sida). Her har naturtypelokalitet 5.Tjødnane (kystmyr) og 9.Kordalsnuten NII (kystmyr) fått endra konsekvensgrad frå betydeleg miljøskade til alvorleg miljøskade. I tillegg er det tatt med i konsekvensvurderinga to naturtypar som ligg utanfor utbyggingsområde. 6. Sagalia (gammel fattig edellauvskog) som er konsekvensvurdert til potensielt betydeleg miljøskade og 16. Vandalstjørnmyr (kystmyr) som er konsekvensvurdert til alvorleg miljøskade.

Oppsumert vil naturtype 5 og 9 (kystmyr) 8,10,12 og 13 (gammel boreal lauvskog) gå tapt og konsekvensgrad er sett til alvorleg miljøskade for 5 av dei. Det er ikkje mogleg med avbøtande tiltak

da planforslaget vil gje 100% arealbeslag. Lokalitet 11 (store gamle trær) får og 100% arealbeslag og er og sett til konsekvensgrad alvorleg miljøskade.

I tillegg vil lokalitet 1 (regnskog) få noko miljøskade og lokalitet 4 (rik edellauvskog) få betydeleg miljøskade på grunn av påverknad av tilkomstveg til området. Det er foreslått i rapporten at eit avbøtande tiltak kan vere å innskrenke uttaksområde så lokalitet 4 vert ivaretatt i så stor grad som mogleg.

Lokalitet 6 (gammel fattig edellauvskog) og lokalitet 16 (kystmyr) ligg utanfor utbyggingsområde men er tatt med fordi dei blir påverka av utbygginga. Utløpet til 16 Vandalstjønmyra vart rundt 1980 senka med sprenging og oppreinsking med formål å dyrke opp myra (kjelde grunneigar). Eit aktuelt avbøtande tiltak vil vere å reversere denne nedsenkinga slik at myra vert meir tørketålande. Myra vil uansett bli påverka av redusert nedslagsfelt.

Samla sett er utvidinga vurdert til store negative konsekvensar for naturmangfald på grunn av arealbeslag av ei rekke naturtypelokalitetar. Suldal kommune har, som dei fleste andre kommunar i Noreg, ikkje eit naturrekneskap. Berre små delar av kommunen er vegetasjonskartlagd. Det er derfor ikkje mogleg å si noko om den samla førekomsten av dei ulike naturtypene i Suldal eller Rogland.

Statsforvaltar etterlyser kartlegging av lav. Dei viktigaste lokalitetane for krevjande og raudlista lav-arter er dei allereie kartlagde naturtypelokalitetane. Det er særleg lokalitet 6 (Saga-lia) som har eit stort mangfald av krevjande og sjeldne artar. Og innanfor lokalitet 1, 4, 8, 12 og 13 er det forholdsvis artsrike lav-miljø med førekomst av raudlista artar. Sjå rapport «artskartlegging Norsk Stein Jelsa».

Det var og bedt om ei kartlegging av mosar. Denne vart i stor grad hindra av snøfall. På generelt grunnlag er det vurdert at området ligg i sterkt oseanisk seksjon og området har gode klimaforhold for mosar. Det er vurdert som størst potensiale for oseaniske mosar i sterkt fuktige miljø (regnskogsmosar), edellauvskog med gamle rikbarkstrær og bergveggar med rikare berggrunn av olivin og fylitt. Sjå rapport «artskartlegging Norsk Stein Jelsa».

Støv og støy:

Statsforvaltaren har i si uttale og kommentert at støv og støy vil ha negativ påverknad på naturtypar utanfor uttaksområde. Rapporten om naturmangfald omtaler dette på side 25. Det vises til ei kartlegging Norconsult gjennomførte 20.10.22 på 4 naturtypar rundt dagens steinbrot. Konklusjonen var at det ikkje er dokumentert nokon openberre teikn på at dagens drift har nemneverdige negative verknader på omkringliggende naturmangfald når det kjem til støv og støy. Suldal kommune vurderer at dette er funn som og må gjelde framtidig steinbrot, gitt at det vil få same miljøkrav (t.d. vanning). Det er ikkje grunn til å tru at miljøkrava som blir sett framover vil bli dårlegare enn dagens, men dette vert ikkje regulert gjennom kommuneplanen. Rapporten frå Norconsult ligg ved.

Fugl:

Her viser kommunen til «Kartlegging av naturmangfald» s. 14 og 15 av Asplan Viak. Det er stort samsvar mellom Statsforvaltar sine observasjonar i felt i 2022 og kartlegging gjort av Asplan Viak i 2021. Det er derfor ikkje gjort nye utgreiingar. Av raudlista artar er det registrert granmeis, hønsheuk og grønnfink, alle lista som sårbare. Utan om dette er det registrert eit rikt fugleliv. Ei etablering av råstoffuttak vil øydelegge hekkeområder for alle dei tre raudlista artane, og alt anna fugleliv, i sjølve uttaksområdet. Det er ikkje grunnlag for å tru at dette vil ha noko stor samla

innverknad på bestanda. Suldal har store områder med habitat som er egna for hekking for desse artane.

I tillegg er det registrert hekking av fiskeørn 700m utanfor uttaksområde i 2018. Fiskeørn er på raudlista og registrert som sårbar. Statsforvaltar sett buffersona til 1000m og viser til ein rapport frå Multiconsult. Her har Multiconsult på oppdrag frå Statnett utforma relevante buffersoner for fugleartar som er sårbare for forstyrningar i hekkeperioden. Multiconsult understrekar i rapporten at sonene er hefta med relativt stor usikkerheit på grunn av lite empiri og eksterne faktorar som t.d. topografi og vegetasjon. Fiskeørna som er omtalt hekkar nært til både fylkesveg og fritidsbustader. Topografien i området er bratt og reiret kjem t.d. ikkje innanfor gul støysone frå uttaksområdet.

Hjortevilt

Store leveområde for hjort vil gå ut av bruk og hjortetrekket mellom nordøst og sørvest over Grønnevikåsane, Kordalsnuten-Mikkelsfjell vil gå ut av bruk. Hjorten på Jelsa vil eventuelt måtte ta seg fram på austsida av Slåttevåtnet og krysse over ved Romsbotn. Det må leggest til at hjortestamma i Suldal er svært stor.

Vassmiljø:

Statsforvaltar har påpeikt at konsekvensutgreiinga for vassmiljø er mangelfull. Det er derfor gjennomført ei supplerande kartlegging av potensiell oppgang av fisk i Ytre Høyvik 22.09.22. I tillegg er bekk Ottøysundet og bekk Ospedalen kartlagt for oppgang av fisk og bekk Ytre og Indre Høyvik kartlagt for elvemusling (17.01.23). Det vart ikkje gjort funn av elvemusling under feltarbeid, men Asplan Viak anbefaler å verifisere dette gjennom miljøDNA sommaren 2023. Suldal kommune foreslår å sette krav om at dette skal gjennomførast i føresegnene til kommuneplanen.

Slåttevassdraget ligg i hovudsak utanfor planområdet og får hovudmengda vatn frå Tyssevatnet. Dette blir ikkje påverka av ei utbygging. Det er påvist både sjørørret og elvemusling i Slåttevassdraget. Slåttevassdraget sin samla verdi som sett til svært stor. Påverknad er sett til ubetydeleg endring og derfor er konsekvensen for vassdraget sett til ubetydeleg miljøskade.

Vassdrag/bekk	Samlet verdi	Påvirkning	Konsekvens
Bekk Ytre Høyvik	Stor	Noe forringet	Noe miljøskade (-)
Bekk Indre Høyvik	Stor	Noe forringet-forringet	Betydelig miljøskade (--)
Bekk Ottøysundet	Middels	Foringet	Betydelig miljøskade (--)
Bekk i Ospedalen	Middels	Noe forringet	Noe miljøskade (-)
Slåttevassdraget	Svært stor	Ubetydelig endring	Ubetydelig miljøskade (0)
Bekk Krossvika	Middels	Noe forringet	Noe miljøskade (-)
Samlet for tiltaket			Noe (-) til middels negativ (--) konsekvens

Utfyllende rapport «Konsekvensvurdering vannmiljø og vannlevande organismer» d.s 31.01.23 ligg ved.

Amfibier:

Det er ikkje gjennomført kartlegging av amfibier på grunn av årstid.

Trinnvist uttak og avrenning:

Det er sett krav i føresegnene til at all avrenning frå sjølve steinbrotet skal skje mot Sandsfjorden, med sedimentering i gamalt brot. Noverande drift av Norsk Stein har hatt løyve til deponi av finsediment i sjø. Dette løyve er no gått ut og sjødeponering er avslutta. Ved store nedbørsmengder er det eit problem med avrenning og blakking av sjøen. Avrenning skjer da frå noverande produksjonsområde/kaianlegg. I samband med søknad om nytt utslippsløyve er det utarbeida ein plan for korleis avrenning frå område skal samlast opp og pumpast opp til sedimentasjonsbasseng i steinbrotet. For å sikre at dette vert gjennomført bør det i kommuneplanen settast krav til at dette skal vere ferdig opparbeidd før drift i nytt brot kan starte opp. Det er allereie sett krav til at det for nytt kaiområde i sør skal prosjekterast for oppsamling av avrenning. Suldal kommune foreslår fylgjande tilføyning i føresegnene til RU1: *Før område RU1 kan opnast for drift skal det vere ferdig prosjektert og opparbeid løysingar for å hindre avrenning frå eksisterande kai/produksjonsområde ved Sandsfjorden.*

Statsforvaltar sett fram bekymring for avrenning til vassdrag under reinsking av lausmasser før uttak av stein. Norsk Stein har redgjort i notat «Trinnvis uttak i steinbruddet» for korleis dette kan gjennomførast på ein måte der det vert tatt omsyn til avrenning. Mellom anna med å lede avrenning inn i brotet i staden for ut av brotet slik det blir gjort i dag. For å sikre at dette vert følgt foreslår kommunen å sette krav i føresegnene for RU1: *Detaljreguleringa skal innehalde krav til korleis avdekking av jordsmonn skal gjennomførast. Mellom anna skal det bli sett krav til ei trinnvis avdekking innanfor for dei ulike utbyggingstrinna. All avrenning skal ledast inn i steinbrotet.*

Klimagassutslepp

Kommunen viser til rapporten «Norsk Stein – Klimagassutslipp ved utvidelse av steinbrudd» frå Asplan Viak. Her er det estimert framtidig utslepp av drift av nytt uttaksområde. Dette er nøye omtalt i kommunens KU.

Statsforvaltar peikar på at utgreiinga ikkje tek for seg klimagassutsleppet ved sjølve arealbruksendringa. Dette er ikkje gjort i den omtalte rapporten, men det er tatt med i kommunen sin KU til kommuneplanen. Kommunen har her brukt temakart Rogaland sine kart over karbonrike areal, som så er sett inn i Miljødirektoratet sitt verktøy for arealbruksendringar. Det er berre rekna på myr og høgbonitet skog. Miljødirektoratet sin «kalkulator» viser da at arealbruksendringa føre til eit tap på 68 095 tonn CO2 ekvivalentar dei neste 20 år. Konklusjon i KU på klima er: kommunen meiner at samla forureining frå det nye uttaksområde i vesentleg grad er konfliktfylt.

Suldal kommune er usikker på om Statsforvaltaren ikkje har sett kommunens utrekning eller om den vert vurdert som for dårleg utgreidd. Suldal kommune har derfor tatt kontakt med NIBIO for å få utrekna utslepp frå arealbruksendringane av ein tredjepart. NIBIO har da ikkje brukt Miljødirektoratet sitt verktøy, men kalkulatoren dei sjølv har under utarbeiding. NIBIO sin kalkulator reknar da på alt areal innanfor uttaksområdet, ikkje berre myr og høgbonitet skog. NIBIO kjem da ut med ein utslippseffekt på 91 500 tonn CO2 ekvivalentar dei neste 20 år. Årleg utslepp vil ligge på ca. 5700 tonn CO2 ekvivalentar. Dei reelle tala blir lågare. Her er det rekna som om all

vegetasjon/jordsmonn på heile planområdet fjernast fyrste dag. Utbygginga skal skje etappevis. Dersom utbygginga til dømes skjer i tre etappar, der kvar etappe tek ca. 20 år vil det årlege utsleppet bli ein tredjedel.

Som det vert peika på i KU vil det totale utsleppet av CO₂ frå drift truleg endre seg vesentleg i framtida. Døme på tiltak kan vere elektrifisering og bruk av hydrogen som energikjelde. Suldal kommune vurderer fortsett at utslepp frå arealbruksendringane i vesentleg grad er konfliktfylt sett i lys av målet om halvering av utslepp innan 2030.

Støy:

Statsforvaltar etterlyser støykart frå oppstart og støykart dersom uttaket får ei raskare uttak enn det som er lagt til grunn ved støyrapport . Vedlagt ligg ny rapport frå Brekke og Strand.

Rapporten viser støy ved oppstart, 1-5 år etter oppstart og to ulike alternativ 10 år etter oppstart. Resultatet viser at det vil vere mogleg å tilfredsstille krav til støynivå for omliggande bustader og fritidsbustader. I enkelte driftsperiodar kan det bli aktuelt med noko mindre aktivitet i helg for å kunne tilfredsstille støykrav.

Suldal kommune vil understreke at det fortsett vil bli sett krav til meir detaljerte støy analyser ved detaljregulering. Samla støyvurdering for alle tiltak vert omtalt i kapittel 4. «Samla belastning ved nytt uttaksområde for Norsk Stein og etablering av WindWorks Jelsa på marint naturmangfald, støy og folkehelse».

Folkehelse:

Sjå kapittel 4.

Samla vurdering:

Norsk Stein er i dag den største private arbeidsplassen og ein hjørnesteinsbedrift i Suldal kommune med totalt 280 arbeidsplassar på Berakvam. Årleg lokalt innkjøpte varer- og tenester er på over 100 millionar kroner. Den ønska utvidinga vil danne grunnlag for at årsproduksjonen kan doblast frå 12-24 mill tonn. Det vil medføre eit behov for å auke talet arbeidsplassar med minst 100 tilsette. Samfunnsnyttan er med andre ord svært stor både lokalt, regionalt og også nasjonalt. Dette må avvegast konkret mot dei ulempene nytt uttaksområde vil medføre.

Når det gjelde storleiken på uttaksområde, så er kommunen opptatt av det føreseielege og langsiktige knytt til investeringar, uttak og opprydding. Kommunen viser til at Norsk Stein ynskjer å doble uttaket frå 10-12 tonn i året til 24 tonn. Då er det snakk om ein tidshorisont på 50- 60 år. I tillegg er det slik at ei mogleg samlokalisering med Windworks Jelsa, gjer at behovet for eit nytt uttaksområde kan auke, då ein ikkje får utnytta eksisterande uttaksområde fullt ut.

I høve til naturmangfaldet på land så er nytt uttaksområde vurdert å få store negative konsekvensar. Rapporten frå Asplan Viak viser at av 16 registrerte naturtypar vil 11 naturtypar innanfor og utanfor uttaksområdet bli råka. 7 av desse vil få alvorleg miljøskade. Økologisk funksjonsområde til artar er og sett til betydeleg miljøskade på grunn av stort arealbeslag.

Utslepp av støy, støv og anna forureining frå verksemda skal vere i samsvar med utsleppsløyve fastsett av Statsforvaltaren. I høve til støyproblematikk og til dels støv, er kommunen kjent med at

det over lengre tid er klager på dette, både på andre sida av fjorden og spesielt i Høyviksområdet. Kommunen har forståing for at dette kan opplevast konfliktfylt, spesielt i eit folkehelseperspektiv. Likevel meiner kommunen at gode avbøtande tiltak i det nye uttaksområdet i stor grad vil kunne betre situasjonen slik at ein held seg innanfor dei grenseverdiane som følgjer av forureiningslova m/forskrifter.

Sandsfjorden er ein nasjonal laksefjord og eit viktig leveområde for marine dyr og planter, herunder korallar. For kommunen er det viktig å ta vare på desse verdiane for framtida. Deponering av overskotsmassar/avrenning frå uttaksområde må difor ligge innafor tolegrensa til fjordsystemet. Kommunen har motteke rapport og bilete frå dykkarar som syner meir nedslamming av einskilde stadar i fjorden samanlikna med tidlegare. Kommunen legg til grunn at det blir fastsett grenseverdier i utsleppsløyve med bakgrunn i kontinuerlege undersøkingar av fjordmiljøet for å unngå at fjorden blir overbelasta. Deponi direkte i sjø er no avslutta og det er sett krav til oppsamling av avrenning frå alle kaiområde. Viktig at det i denne samanheng også blir arbeida med å redusere volumet på overskotsmassar og finstoff. Dette vil bli tema i reguleringsplanarbeidet.

Det er vidare naturleg at reduksjon av klimagassutslepp ved til dømes bruk av alternative energikjelder må greiast ut i samband med reguleringsplan/driftsplan.

Kommunen meiner at det må leggast stor vekt på at Norsk Stein er ein hjørnesteinsbedrift i kommunen og den betydelege samfunnsverdien som ligger i etablering av eit nytt uttaksområde for stein som vil sikre arbeidsplassar, busetjing, aktivitet og inntekter til kommunen også i framtida. Utifrå konsekvensutgreiinga er det ingen tvil om at ulempene knyta til nytt uttaksområde er betydelege, spesielt med tanke på konsekvensar for naturmangfald, landskap og påverknad på naboar.


Samla sett vurderer kommunen det slik at fordelane med planinnspelet er større enn ulempene og at gode avbøtande tiltak gjer at det ligg innafor det som kan akseptast. Kommunen har justert grensene for planområdet noko slik at det ligg om lag 100 meter frå Slåttevassdraget i søraust og at eit større myrkompleks i nærleiken av plangrense i nord (Verdalstjørna), vert teken ut. Myr er verdifullt både som leveområde for artar og i klimasamanheng. Slåttevassdraget er eit samanhengande verdifullt vassdrag som det er viktige å påverke minst mogleg.

Nullalternativet er dagens drift etter driftsplan og gjeldande reguleringsplan. Tidsperspektiv er da på om lag 15 år fortsett drift på Norsk Stein. I høve til alternativ plassering er det i regional for byggeråstoff i Ryfylke peika på fleire andre områder i kommunen med god steinkvalitet. Men utviding av eksisterande uttak har store fordeler i høve til å gå inn i nye områder, knyta til opparbeiding, infrastruktur m.m.


Kommunen har også vurdert å redusere/halvere området for nytt uttaksområde. Da kan restarealet blir sett av til omsynssone råstoffutvinning og endeleg avgjerd om arealbruk kan bli tatt i seinare kommuneplanprosessar. Kommunen meiner det likevel er hensiktsmessig å ta inn mesteparten av planinnspelet inn i kommuneplanen som område for råstoffutvinning. Dette for å få ei heilskapleg planlegging og samla vurdering av arealbruken i området.

2. KBA1 og HOS2 Berakvam - Straumbergsundet

I fyrste gongs handsaming av kommuneplanens arealdel for 2022-2034 har Suldal kommune lagt inn KBA1 kombinerte formål råstoffutvinning/næring og HOS2 hamneområde. Arealet på land er tenkt nytta til råstoffutvinning ned til kote 5 for deretter å bli nytta som sjønært område for industri. Området er i dag regulert til råstoffutvinning med ein buffersone mot sjø regulert til «parkbelte i industriområde», «friluftsområde» og «jord- og skogbruk». Arealet i sjø er planlagt nytta til hamneområde.



Kommuneplan 2022-2034 på høyring



Reguleringsplan Berakvam plan-id 1134_201011

Kystverket har motsegn mot HOS2 for konflikt med hovudfarlei som går gjennom Straumbergsundet. Det har vore dialog mellom Kystverket og kommunen og forslag frå Kystverket er å endre HOS2 til kombinert formål ferdsel/hamn. HOS2 blir derfor foreslått endra til VK16 ferdsel/hamn før andre gongs handsaming. Det vert presisert i føresegnene til VK16. «Det er ikkje tillatt med tiltak og bruk av sjøområdet som hindrar gjennomgangstrafikken i Straumbergsundet så lenge farvatnet har status som hovudled».

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) har motsegn mot KBA1 for mineralressurs av internasjonal verdi ikkje vert nytta fullt ut. Kommunen har sendt inn forslag til betre beskrivingar i føresegner, KU og planomtale.

Statsforvaltaren i Rogaland har motsegn på bakgrunn av konflikt med naturmangfald, folkehelse og manglande kartleggingar.

Oversikt over bakgrunnsdokumentasjon frå KU som ikkje er oppdatert kan lesast her, alle vedlegg merka innspel 8:

<https://innsyn.onacos.no/suldal/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=1717�>

- Etablering av industrianlegg på Berakvam for produksjon av betongfundamenter og montering av vindturbiner til flytende havvind-Prosjektbeskrivelse
- Innspill til kommuneplanens arealdel med konsekvensutredning og ROS-analyse-Windworks Jelsa, Asplan Viak
- 3D modell – oversiktsbilder og standpunkt 1-5

- WindWorks Jelsa - Klimagassutslipp ved etablering av dokkanlegg og produksjon av betongfundamenter for offshore vindkraft, Asplan Viak
- RAPPORT Wind Works Jelsa Støyvurdering, Brekke og Strand
- WindWorks Jelsa – ringvirkninger og samfunnseffekter, Menon
- Plankart
- Notat Omlegging fv.517 Berakvam - Innspill til kommuneplan-Windworks Jelsa

Utfyllende dokumentasjon:

- Status pågående aktiviteter – innspill til Suldal kommune i forbindelse med behandlingen av innsigelser frå Statsforvalteren i Rogaland og Kystverket, WindWorks Jelsa, d.s 02.02.23
- WindWorks Jelsa, Norsk Stein – nytt uttak og ny kai, samlet støynivå, Brekke og Strand
- Vurdering av hindring av partikkelutslipp til sjø i størst mulig grad frå WWJ i utbyggingsfasen og driftsfasen – REV.01., Implenla, d.s. 30.01.23.
- Kunnskapsgrunnlag med vurdering av verdi og konsekvens for marint naturmangfold, marine naturressurser og anadrom laksefisk, Rådgivende Biologer AS d.s 14.02.23.

Naturmangfald:

Areal på land KBA1 er areal som i dag er regulert til og hovudsakleg nytta som råstoffutvinning. Omregulering av området vil ha noko negativ verknad på naturmangfald, da spesielt belte mellom fylkesveg og sjø. Dette er vurdert i KU.

Areal i sjø HOS2 er areal som i dag ikkje har andre fysiske installasjonar enn seilingsmerke. Det er til dette området Suldal kommune har knytt dei sterkaste krava til føresegnene. Kommunen legg til grunn at Statsforvaltar si motsegn på manglande utgreiingar hovudsakleg går på utreiingar for påverknad av sjøområda. .


Sandsfjorden er nasjonal laksefjord og det er svært viktig at det ikkje vert etablert nye tiltak i fjorden som kan ha negativ påverknad på smolt- og laksevandringa.



Figur 1 Skisse frå WindWorks Jelsa haust 2021

På kommuneplannivå er det vanleg å sette av areal med krav om seinare detaljregulering. For å få eit inntrykk av korleis ei etablering kunne sjå ut hadde WindWorks Jelsa utarbeid ei skisse/modell til arealinnspelet på Berakvam.

Modellen la ikkje opp til ei fysisk utfylling i Straumbersundet (det er for bratt og djupt), men skissa hadde ein/fleire flytande lektrar fast etablert. (sjå nærare beskriving i KU). KU vurderte da at dette kunne ha negativ påverknad på smoltvandringa ut fjorden, og det vart sett krav til vidare utgreiingar.



WindWorks Jelsa har no levert ein revidert plan-ide/prosjektskisse for området. Her er utforminga endra. Etter råd mellom anna frå rapporten frå Rådgjevande Biologar er lekterane som var skissert i Straumbergsundet er tatt bort. Det er fortsatt ikkje planlagt utfylling i sjø i Straumbergsundet.

Suldal kommune vurderer denne nye skissa som betre i forhold til smoltvandring, men ei etablering av ny industri vil fortsatt kunne påverke smolten. Kommunen vil derfor oppretthalde kravet om utgreiing av tiltaket si påverknad på smoltvandringa. Mellom anna vil det bli liggande vindmøller på vent i sundet før uttauing. Med denne skissa er det imidlertid ikkje faste installasjonar i sundet og avbøtande tiltak, som til dømes krav om at sundet skal vere fritt i enkelte periodar, er lettare å gjennomføre.

I føresegnene til kommuneplanen stiller Suldal fylgjande krav til reguleringsplan for KBA1 og HOS 2:

“I reguleringsplan må det dokumenterast at laksebestanden i Sandsfjorden ikkje får ytterlegare redusert tilstand ved tiltaket. Herunder må smolten og den vaksne laksen sin vandringsveg i området kartleggjast, og det må utgreiast kva ulemper tiltaket får og eventuelt vurdere alternativ plassering/avbøtande tiltak”

Windworks Jelsa har sett i gong eit kartleggingsprosjekt på smolten og vaksenlaksen si vandring. Prosjektet er beskrive i vedlegg. Det er eit mål fyrste året å få kunnskap om fiskens vandring både i Straumbergsundet, Midtsundet og Skorpesundet. Året etter vil det bli testa ut modellar som simulerer tiltak i Straumbergsundet. Dette gjer at plan-ideen kan justerast etter resultatata av kartlegginga. Dette arbeidet har starta, men vil gå over fleire år. Suldal kommune vurderer det derfor som feil å prøve å gjere planskissa levert til kommuneplanen bindande for vidare regulering. Detaljregulering av området må gjerast med grunnlag i den kunnskapen som kjem fram gjennom kartlegging av smoltvandringa og straumkartlegging. Kommunen vurderer derfor kravet til reguleringsplan sett i 1 gongs høyring som den beste måten å sikre laksebestanden.

Bekk i Ytre Høyvik er i dag sterkt påverka av omleggingar. Det er imidlertid registrert auresmolt i bekken. Det kan her vere mogleg å få opp produksjonen ved habitatforbetrande tiltak. Det er undersøkt, men ikkje funne elvemusling i bekken.

Rapport frå Rådgjevande Biologer om «Kunnskapsgrunnlag med vurdering av verdi og konsekvens for marint naturmangfald, marine naturressurser og anadrom laksefisk» ligg ved. Det er her heilt klart at det er påverknad på laksen/smolten som får konsekvens betydeleg miljøskade. Her viser me til overliggende vurderingar og krav. Korallar og tareskog i sunda får konsekvens ubetydelig miljøskade for Ytre Høyvik, Midtsundet og Straumbersundet. Tareskogen i Giljanaset-Midtsunde får konsekvens noko miljøskade.

Tabell 5. Oversikt over samlede konsekvenser for miljøtema naturmangfold.

Vurderinger	Delområde	Alternativer	
		0-alt.	Alt. A
Konsekvens for delområder	- Utredningsområdet	0	Noe miljøskade (-)
	1 Giljanaset-Midtsund	0	Noe miljøskade (-)
	2 Ytre Høyvik	0	Ubetydelig miljøskade (0)
	3 Midtsundet	0	Ubetydelig miljøskade (0)
	4 Straumbersundet	0	Ubetydelig miljøskade (0)
	5 Sandsfjorden	0	Betydelig miljøskade (- -)
	6 Suldalslågen	0	Betydelig miljøskade (- -)
	7 Sjørrretbekker	0	Noe miljøskade (-)
	Begrunnelse for vektlegging	Generelt vektlegges mest sårbare naturtyper (dvs. korallforekomster) og verdifulle funksjonsområder høyst. Korallforekomstene ved Midtsund og Straumbersundet er utfra eksisterende kunnskap unike i Boknafjordssystemet, og en bør ta spesielt hensyn til disse for å unngå miljøskade. Sandsfjorden og Suldalslågen er de eneste Nasjonale laksefjord/-vassdrag i Ryfylket, og bør tas spesielt hensyn til.	
Avveininger	Samlede virkninger		
Samlet konsekvens for miljøtema	Samlet konsekvens	Middels negativ konsekvens	
	Begrunnelse	To vektlagte delområder med konsekvensgraden betydelig miljøskade (- -), og flere med noe miljøskade (-).	

Modellering av straum:

Straumen i området er ein viktig faktor for både fisk og andre marine artar, mellom anna korallar. Det vil bli utarbeida modellar for å kunne kartlegge korleis ulike utformingar av hamneområdet påverkar straumforholda.

Partikkelspreiing:

For å ta vare på marint naturmangfald generelt er det viktig å unngå avrenning og partikkelspreiing til sjø. WindWorks Jelsa har her inngått eit samarbeid med Implenia for å prosjektere tiltak for å hindre avrenning under utbygging og seinare under drift. Notat om korleis dette kan gjennomførast ligg ved. Før anlegget blir detaljplanlagt er det ikkje mogleg å legge fram ferdig projektskisse. Suldal kommune har sett krav i føresegnene om at: - *Risiko for permanent og akutte utslepp må vurderast ved detaljregulering og evt risikoreduserande tiltak må innarbeidast i planen.* Kommunen ser her at det kan presiserast at dette gjeld både i utbyggingsfasen og driftsfasen og foreslår å legge til dette i føresegnene.

Risiko for permanent og akutte utslepp, både i utbyggingsfasen og driftsfasen, må vurderast ved detaljregulering og evt risikoreduserande tiltak må innarbeidast i planen.

Støy:

Støyrapport for WindWorks Jelsa var lagt ved som vedlegg til KU. Støyrapporten til WWJ har inkludert støy frå vidare drift på eksisterande og nytt kaiområde for Norsk Stein. Dette er berekningar på kommuneplannivå der detaljar i drifta til WWJ ikkje er ferdig planlagt. Små endringar i fysisk

plassering kan utgjøre store endringar i støybilde (både i positiv og negativ retning). Det må derfor settast krav til støyberekningar for WWJ under detaljregulering og fylgjande krav er sett i føresegnene til kommuneplanen. - *Det må utarbeidast støyrapport ved detaljplan og støyreducerande tiltak må vurderast.*

Statsforvaltar etterlyste støyrapport for samla støy for alle tiltak. Denne er omtalt i avsnitt 4.

Samla vurdering:

Suldal kommune viser til samla vurdering gjort i KU.

Kommunen meiner det er svært positivt med etablering av Winworks Jelsa med tanke på arbeidsplassar, aktivitet, busetnad og økonomi både lokalt og regionalt. I tillegg er det eit viktig element i det grønne skiftet.

Kommunen meiner og det er positivt at store deler av området som ein søke omdisponert til næringsareal, inngår i Norsk Stein sitt uttaksområde. I tillegg til at området landskapsmessig allereie er sterkt prega av uttak av stein, vil ei samlokalisering gi driftsfordeler ved bruk av tilslagsmateriale til betong m.m.

Likevel vil anlegget i betydeleg grad påverke landskapsbilete i området og det må difor vurderast avbøtande tiltak i reguleringsplanprosessen. Spesielt gjelde dette i høve til å etablere ein buffer på Straumberget mot Skreddarneset og Høyvik som også kan fungere i høve til støyskjerming. Også området mot sjøen må vurderast i høve til skjerming for å redusere den visuelle eksponeringa.

I høve til naturmangfaldet er det marint naturmangfaldet som blir påverka, og da spesielt potensielt laksen. Det er viktig å sikre ei utforming av anlegget som sikrar laksebestanden i Sandsfjorden. Laksen er nær trua (NT) på den norske raudlista, og den nasjonale laksefjorden Sandsfjorden og det nasjonale laksevassdraget Suldalslågen har svært stor verdi. I tillegg er Sandsfjorden også nytta av laksebestandar som høyrer til i elvane inne i Sauda. Kommunen kan difor ikkje godta eit tiltak i Sandsfjorden som set laksebestandane i ytterlegare fare enn allereie i dag. Det vert derfor sett krav til kartlegging av smoltvandringa og simulering av ulike tiltak si påverknad. Endeleg utforming av anlegget må planleggast etter desse resultatane.

Støyrapporten peike på ein del utfordringar knyta til støy i nærområdet som følge av WindWorks Jelsa si verksemd, samt noko auka støy frå Norsk Stein i hovudsak knyta til lasting av 32 offshore - massar. Ein del av desse utfordringane kan løysast ved terreng bufferar og driftsmåte/driftstider. Dette gjeld ved Skreddarneset. For bygningar nærare anlegget på Ytre Høyvik viser rapporten at støyen vil kome over grenseverdiane T-1442 set for industri med heilkontinuerleg drift. I dette området vil ein også kome såpass nærme industrianlegget at den samla negative verknaden blir stor. Dette temaet må greiast nærare ut i samband med reguleringsplanprosessen.

Når det gjelde omlegging av farleden til Midtsundet må det også i reguleringsplanprosessen gjerast vurdering av verknader for både naturreservat og det marine livet i området herunder registrerte korallrev. I tillegg må omlegginga av farled godkjennast av sektormynd (Kystverket).

Samla sett finn kommunen å legge avgjerande vekt på den betydelege samfunnsnyttan etableringa av eit slikt anlegg vil ha på Jelsa; både nasjonalt i høve til det grønne skiftet, men også lokalt og regionalt. Samlokalisering med Norsk Stein sitt uttaksområde er heilt klart ein samfunnsmessig fordel framfor etablering i eit område med lite tekniske inngrep. KU viser at også ulemperne ved eit slikt anlegg er store. Kommunen meiner at ved å stille relevante krav og gode avbøtande tiltak til anlegget i reguleringsplanprosessen, vil fleire ulemper kunne bli redusert til eit akseptabelt nivå. Samstundes

er realiteten sånn at spesielt den næraste bygningane på Ytre Høyvik vil få merkbare negative verknader som følgje av aktiviteten til Windwork Jelsa.

Nullalternativet er at steinbrotet vert vidareført i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Regulerings føresegnene for noverande drift på Norsk Stein stadfestar at buffersoner på utsida av fylkesvegen skal bevarast, og at buffersoner på innsida av fylkesvegen kan bearbeidast og hevast til kote 50/kote 64 for å skjerme uttaksområdet mot sjøen. Etter avslutning skal brotkanten stå igjen med pallar som revegeterast, og uttaksområdet lågare enn omlag kote 5 skal setjast under vatn, slik at det 33 blir eit permanent vass -speil på innsida av buffersona.

I høve til alternativ plassering av anlegget, så har lokaliseringa i h.t plan innspelet fordelar som er vanskeleg å sjå andre stader. Dette gjeld fyrst og fremst moglegheita å etablere indusriområde i eksisterande steinbrot og tilgang til tilstrekkeleg vassdjupne i nærområdet rundt dokkene for samanstilling og utslep av vindturbinar til offshore felt.

3. Alternativ farlei

I fyrste gongs handsaming av kommuneplanens arealdel for 2022-2034 har Suldal kommune lagt inn alternativ framtidig hovudfarlei i Midtsundet. Statsforvaltar har motsegn mot denne, oppsummert av Statsforvaltar som:

«Statsforvaltaren fremmer motsegn til manglande utgreiing av behov for fysiske tiltak i samband med mogleg omlegging av farled, jf. plan- og bygningslova § 5-4. Tiltaket kan få konsekvensar for Kjølvikskorpa naturreservat og korallrevet i Midstundet.»

Vurdering av innspelet er i 1. gongs handsaming av kommuneplanen basert på notat som var med under utsending av planen på høyring:

- «Vurdering av omlegging av farlei til Midtsund» av Asplan Viak d.s. 04.10.21.

Utfyllande dokumentasjon:

- «Angående motsegner frå Statsforvaltaren i Rogaland relatert til Wind Works Jelsa i Kommuneplanen», av Windworks Jelsa d.s. 26.10.22.
- «Status pågående aktivitetar. Innspill til Suldal Kommune i forbindelse med behandling av innsigelser frå Statsforvalteren i Rogaland og Kystverket», av Windworks Jelsa d.s. 02.02.23 **side 15.**
- «Kunnskapsgrunnlag med vurdering av verdi og konsekvens for marint naturmangfold, marine naturressursar og anadrom laksefisk», Rådgjevande Biologer AS 3480.

Avklaring av flytting av farlei i kommuneplan?


Suldal kommune har valt å vise alternativ farlei i kommuneplanen for å gje eit best mogleg bilde av korleis areala kan nyttast i framtida. Dette vurderer kommunen er rett, for mellom anna å avklare om planlagt framtidig farlei kjem i konflikt med anna arealbruk i sjø. Døme på dette kan vere område avsett til formål som ikkje lar seg kombinere med farlei som friluftsliv, akvakultur eller hamneområde. Det er ikkje noko slike konflikter i sjø. Etter faglege råd frå Kystverket er det semje om å endre to område avsett til fiske i fjorden til kombinerte formål i sjø (ferdsel/fiske). Dette er uavhengig av om farleia vert flytta, fordi noverande farlei og går over desse «fiske» områda.

Flytting av farlei kan berre gjerast av overordna statleg mynde, Kystverket. Dette er ein lengre prosess der mange omsyn skal vurderast. Arealet i Midtsundet ligg no som «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner». Farleia kan derfor flyttast av statleg mynde utan å gå vegen om endring i kommuneplan. Ei mogleg løysing på motsegna vil derfor vere å ta ut alternativ farlei av kommuneplanen til Suldal. Suldal kommune vurderer derimot ikkje dette som ei god eller ynskjeleg løysing.

Kjølvikskorpa naturreservat:


Statsforvaltar har grunnlagt si motsegn i moglege negative konsekvensar for Kjølvikskorpa naturreservat. Forskrifta for naturreservatet stadfestar at: «Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at ei heil øy dekkja av furuskog utan inngrep elles ikkje er kjend i Vest-Noreg.»

Det er ikkje ferdselsforbod på øya eller i sjøområde rundt reservatet. Det er heller ikkje sett nokon omsynssone som avgrensar bruken av området rundt reservatet.



Som det kjem fram i tidlegare notat til kommuneplanen går ca. 20% av skipstrafikken allereie gjennom Midsundet. Suldal kommune kan ikkje sjå at ei auke i skipstrafikk aleine vil ha negativ påverknad på verneformålet (urørt skog) på land på Kjølvikskorpa.

Figur til venstre viser skipstrafikk med AIS i 2019 i Straumbersundet og Midsundet (kjelde Kystverket). Det var til saman, i begge sund, i underkant av 3500 skip inn og ut fjorden i 2019. Det gir ei dagleg passering på 10 båtar. Av desse var 1500 passasjerbåtar. Dette er nærare dokumentert i notat d.s 04.10.21. (vurdering av omlegging av farled).



Dersom hovudfarleia skal leggst om må det merkast for nattseilas i Midsundet. Som det kjem fram i nytt notat frå WindWorks Jelsa d.s. 02.02.23 s. 15 er merkeplan og risikovurdering no under utarbeiding.

I innspel til kommuneplanen er det anslått at det er behov for 4-6 HIB (hurtigbåtmerke med indirekte belysning) i Midsundet. Ei foreløpig skisse vart lagt ved i notat d.s. 26.10.22. Det er i denne ikkje planlagt installasjonar på land på Kjølvikskorpa. Stakane som må til for å merke farleia kan settast i sjø.

I same notat (26.10.22) er det nemnt at det er mogleg å auke bredda midt i sundet med ei utdjuping på Berakvamsskorpa. I notat d.s 02.02.23 vert det konkludert med at foreløpige modellberekningar har vist at dette ikkje vil ha positiv effekt på risiko. Det er derfor ikkje avklart om dette blir naudsynt. Uansett vil ei utsprenning i overflata på andre sida av sundet ha liten eller inga innverknad på skogen på Kjølvikskorpa.

Det er nemnd av Statsforvaltar at det er granmeis på Kjølvikskorpa. Suldal kommune kan ikkje sjå at ei passering på 10 båtar i døgnet vil ha negativ påverknad på granmeisbestanden i naturreservatet. Det er derfor ikkje gjort nokon nærare kartlegging, og det må nemnast at granmeis er ein svært vanleg art i skogsområde i heile Suldal.

Suldal kommune er vernemynde for naturreservata i kommunen. Statsforvaltar har i si motsegn tatt med ei vurdering av korleis Suldal kommune må handsame ein eventuell søknad om fysiske inngrep i Kjølvikskorpa naturreservat. Suldal kommune er einige i vurderinga, men det ligg ikkje føre verken ein dispensasjonssøknad eller planar om slik søknad. Suldal kommune vil her tilføye at dersom det i framtida skulle komme ein slik søknad, her eller i andre naturreservat i kommunen, er svaret på

Lostenesta har allereie gjennomført ein testseilas med skipet Densa Lion (lengde 190m, 31 000bruttotonn) gjennom Midtsundet. Erfaringane frå denne vil og bli tatt med i vurderingane vidare. Skip av denne storleiken må allereie nytte lostenesta under segling inn fjorden i dagens farlei.

Samla vurdering:

Suldal kommune vurderer at det på kommuneplan nivå er tilstrekkeleg utgreidd at det kan vere mogleg å legge om farleia til Midtsundet. Den endelege avgjerda om dette oppfyller tryggleikskrava som er sett til ei hovudfarlei er det opp til Kystverket å ta.

Det er ingen funn som tydar på at båttrafikk i seg sjølv har negativ påverknad på korallrevet som ligg på 80 meters djupne. Det er mellom anna ikkje vanleg å sette ferdsel forbod over slike korallførekomstar.

Suldal kommune er vernemynde for Kjølvikskorpa naturreservat. Kommunen har ikkje mottatt noko søknad om fysiske inngrep og dei foreløpige utgreiingane viser heller ikkje behov for fysiske inngrep. Dersom det ein gong i framtida kjem ein slik dispensasjonssøknad, her eller i andre naturreservat i kommunen, vil kommunen vurdere den konkret.

4. Samla belastning ved nytt uttaksområde Norsk Stein og etablering av WindWorks Jelsa på marint naturmangfald, støy og folkehelse

Statsforvaltar har etterlyst ei samla vurdering av påverknad på marint naturmangfald, støy og folkehelse. Utgreiingane ligg ved:

- Samlet belastning for marint naturmiljø i Sandsfjorden, Rådgivende Biologer AS (19.02.23)
- Suldal- kommuneplan, WindWorks Jelsa, Norsk Stein- nytt uttak og ny kai, samlet støynivå, Brekke og Strand (23.01.23)
- Utale frå kommuneoverlegen om helsekonsekvensar

Naturmangfald


Viser til rapport lagt ved frå Rådgjevande Biologer når det gjeld samla belastning for marint naturmiljø. Kunnskapsgrunnlaget er relativt godt, da Norsk Stein har hatt pålegg om å gjennomføre utgreiingar gjennom fleire år.

Det er ikkje påvist stor negativ påverknad på fjordsystemet i dag på grunn av partikkelspreiing frå Norsk Stein. Som omtalt under Norsk Stein er det under planlegging tiltak for å redusere partikkelspreiing frå kaiområdet. Deponi i sjø er avslutta. Det er og sett krav til WindWorks Jelsa og ny tømmerkai om oppsamling av overvatn på kaiområda. Planlagt redusert utslepp av partiklar vil derfor kunne redusere belastninga på deler av vassførekomstane sør i Sandsfjorden samanlikna med dagens situasjon.

WindWorks Jelsa sine konstruksjonar og aktivitet i Straumbergsundet vil kunne skape barrierar for utvandrande postsmolt, som kan gi forseinking i utvandring forbi Straumbergsundet. Forsinka utvandring vil kunne gi økt påslag av lakselus, som i tur kan føre til økt dødelegheit på utvandrande postsmolt. Det er sett strenge krav i kommuneplanen om at dette skal greiast ut og det er sett igong eit prosjekt som skal kartlegge smoltens vandring i sunda. Detaljutforming av anlegget til WindWorks må basere seg på resultatane av denne kartlegginga.

Samla støyvurdering:

Statsforvaltar etterlyser ei samla støyvurdering av all framtidig aktivitet på Berakvam. Ny støyrapport frå Brekke og Strand ligg ved. Berekningane av samla støynivå bekreftar vurderingane som er utført i tidlegare enkeltrapportar for tiltaka på Berakvam. Suldal kommune vurderer derfor at det på kommuneplannivå er vist at det er mogleg å tilfredsstille aktuelle krav til støynivå ved etablering av begge innspel. Begge arealinnspela har fått krav om støykartlegging på reguleringsplannivå.



Figur 8 - Samlet støyutbredelse fra WWJ, nytt kaianlegg i sør (tømmerkai), lasting av offshore masser fra eksisterende kaianlegg, samt drift i nytt brudd (fase 2b – 10 år, intensiv drift). Figuren viser beregnet døgnvektet ekvivalentnivå, Lden, for alle tiltakene i samtidig drift.

Folkehelse.

Statsforvaltar har motsegn mot vurderingane gjort på folkehelse. Folkehelse skal vurderast av miljøretta helsevern, ikkje av planavdeling. Suldal kommune har delegert arbeidet med miljøretta helsevern til eit interkommunalt selskap der Sauda er vertskommune. Ei vakant legestilling gjer at det interkommunale selskapet ikkje har kapasitet til å uttale seg til plansaker. Kommunedirektøren i Suldal har da avklart med kommunedirektøren i Sauda at Suldal kommune tek tilbake arbeidet med miljøretta helsevern og plan. Dette er og avklart med juridisk avdeling hos Statsforvaltar i Rogaland.

Folkehelse i kommuneplanen, med vekt på endringane på Berakvam, er derfor gjort av kommuneoverlegen i Suldal. Uttalen ligg ved og blir ein del av KU.

Oppsummering av uttalen er at ei utbygging på Berakvam vil kunne få både positiv og negativ påverknad på folkehelsa. Auka busetting vil kunne få positive ringverknader for folkehelsa generelt i kommunen, mens etableringa vil kunne verke negativt på folkehelsa i nærmiljøet. Når det gjeld utbyggingane på Berakvam er det naudsynt for utbyggjar å synleggjere at dei har belyst alle relevante alternativ, og velt det som i størst mogleg grad bidrar positivt til folkehelsa. Dersom det ikkje er mogleg å velje slik, må det bli gjort ei nøye grunngeving som og inneberer avbøtande tiltak. Med omsyn til folkehelse bør ein særleg vere merksam på faktorane som i sum fører til redusert bumiljø for dei som bur rundt områda som kan bli råka av planane.

Suldal kommune har sett ulike krav til vidare regulering av areala på Berakvam med tanke på mellom anna folkehelse. For begge område lagt vekt på at det skal vurderast korleis ein best mogleg kan skjerme tiltaka gjennom bruk av buffersoner og vegetasjonsskjerming. Det er sett krav til støykartlegging ved vidare regulering av begge område og for KBA1 er det og sett krav om bruken av

lys og tiltak som kan redusere bruken av lys ut av området. Etter kommuneoverlegen si uttale foreslår Suldal kommune å sette inn fylgjande tillegg for begge områder:

Under reguleringsplanprosessen skal utbygger vise at ulike alternativ for utforming/drift er vurdert opp mot folkehelse. Dersom beste alternativ for folkehelse ikkje blir velt skal dette grunngis og avbøtande tiltak innarbeidast.

